



Førde kommune




# SYKKELBYEN FØRDE

ÅRSRAPPORT 2019



[www.forde.kommune.no](http://www.forde.kommune.no)



## Sykkelbyen Førde – Organisasjonsplan



KATEGORI	TILTAK	MERKNAD
Prosjektstyringsplan	Prosjektstyringsplan er revidert for 2019 og godkjent i styringsgruppa. Gjeld ut 2021 Er oppretta i ROM i Sunnfjord kommune 1.1.2020	Plan og referat frå møte i styringsgruppa ligg i ROM Og E-ROM SVV
Styringsgruppa	Styringsgruppa har hatt 2 møte i 2019 Ole John Østenstad fortsett som leiar for styringsgruppa. (kommunedirektor i Sunnfjord kommune og leiar av Førdepakken)	Positivt med samanheng mellom Førdepakken og Sykkelbyen.
Prosjektgruppa	Prosjektgruppa har hatt 3 møte i 2019. Sunnfjord kommune sin prosjektleiar for Førdepakken er medlem i prosjektgruppa. Folkehelsekoordinator for Sunnfjord kommune er leiar for prosjektgruppa Sykkelbyen Førde. Høgskulen Vestland er kopla til prosjektgruppa og er fast deltakar.	Møteinnkalling og referat er lagt i ROM og E-rom til SVV Viktig samarbeid med felles plattform folkehelse, sykling, forskning, studentarbeid og Førdepakken Førde (vegbygging).
Tiltaksplan	Tiltaksplan for 2019 vart godkjent i prosjektgruppa februar måned og i styringsgruppa mai måned	
Budsjett	Budsjett 2019 vart godkjent i styringsgruppa mai måned	Få nye midlar og lite arbeidsrom for nytenking og kompetanseutvikling.

<b>Trafikkdata sykkelrekneskap</b>	Statens vegvesen har registrert sykkelbruken på 8 punkt i Førde. Info vert flytta til heimesida til Sunnfjord kommune februar 2020	Tala viser årsdøgntrafikk (ÅDT)  Trafikkta_Sykel_Førde.pdf
<b>Sykkelteljingar</b>	Her er det teljepunkt: Bruland, Brulandsvellene, Hafstad Vest, Førde Vest, Storehagen Bru, Øyrane, Presteholten og Angedalsvegen. Trafikken har vore noko vekslende – men samtidig har det vore mykje arbeid langs vegane der det er teljepunkt.	Kartlegge kvifor einskilde strekk har lågarar trafikk enn tidlegare år.
<b>- nye punkt</b>	Det vart montert 2 nye punkt i 2019. Hafstadparken og sykkelstien som går over Øyrane	Avtale for vedlikehald  Forslag - Avtale rundt vedlikehald av
<b>Heimesida til Sykkelbyen Førde</b>	Har lagt på framsida til Førde kommune. Inneheld også skjema for tinging av el-transportsykkel. Resultat frå dei 8 tellepunkt for sykklar vert lagt inn fortløpande.	Vert fortløpande justert Er ikkje flytta til nye Sunnfjord kommune
<b>Enkle tiltak – midlar frå Statens vegv.</b>	Sykkelbyen Førde fekk tildelt kr. 450 000,- til enkle tiltak, sykkel- og gåfremjande tiltak i 2019. Midlane vart tildelt Løa ungdomshus, Slåtten og Sunde skule. Det var ikkje kapasitet til å utføre desse oppdrag i 2019 slik at vi kunne rapportere til fristen 4.12.19.  Løa kjøpte sykkelstativ. Rekninga kom seint i desember. Måtte difor betalast med fondsmidlar i januar 2020.	Vanskeleg å få ferdigstilling av prosjekt i tide. 2019 var sterkt prega av møteverksemd i samband med samanslåing av kommunane.  <b>Midlane vart trekte tilbake</b>
<b>Ekstra midlar</b>	Sykkelbyen Førde fekk kr. 275 000,- i 2018 som er nytta til kjøp av elektriske transportsyklar for utlån til publikum. Desse vart leverte i mars månad 2019. Eit svært godt samarbeid med ein sykkelbutikk har vore heilt avgjerande for å lukkast.	Prøve ut elektrisk transportsykkel som alternativ til bil nummer to. Spesielt til familiar med barn som skal leverast i barnehage. Tiltaket har vore vellukka men ressurskrevjande
<b>Sykkelparkering under tak</b>	Vesla Eigedom søkte om midlar til sykkelparkering ved Biltema og Jysk. Dette er eit tiltak i samband med sykkel- og gangveg frå Hafstadparken til Kronborg	Vart ferdigstilla i desember 2019 og betalt med fondsmidlar
<b>Vie og Hatlehaugen barnehage</b>	Det vart laga kontrakt med byggefirma i desember og bygging startar rundt påske 2020	Starta i 2017. vert ferdigstilla april 2020 Må betalast med fondsmidlar

<b>Karstad skule</b>	Melde behov. Har ikkje sykkelparkering i dag. Syklane er slengde opp etter hekk og gjerde rundt uteplassen	Vurdert til å ikkje høyre inn under Sykkelbyen i og med avstand til sentrum er over 10 km
<b>Holsen skule</b>	Fleire elevar syklar no enn tidlegare. Veldig dårleg parkering. Har meldt behov for parkering under tak	Vurdert til å ikkje høyre inn under Sykkelbyen – avstand til sentrum er over 2 mil.
<b>Kjøp av ulike el-transportsyklar</b>  (ekstra midlar sjå side 3)	6 ulike elektriske transportsyklar for utlån til private og næringslivet vart leverte i mars månad. Prøvetiltak som alternativ til bruk av bil i sentrum/bil nr. 2. Anbod vart sendt dei 3 store sportsbutikkar i Førde.	Berre Sport1 Chatlet Førde kom med tilbod. Det er laga Serviceavtale med denne butikk.
Kjøp av anna utstyr	Det er kjøpt inn sykkelveske, sittepute og barnesete til to syklar. Dei stor kassesyklar har regntrekk og barneselar. Vinterdekk til alle 6 syklar.	Vert levert med barnehjelmar dersom barnehagane låner transportsyklar
- reparasjon og skade	1 batteri vart øydelagt og nytt vart kjøpt inn ! Det har vore skade på 2 kassesyklar på grunn av kollisjon	Kostnad på vel 10 000,- for batteri + nokre tusen for skade
- eigen betaling	Det er ikkje innført eigenbetaling. Service og reperatur vert mykje i løpet av året.	Skal vurderast i 2020
<b>Service og vedlikehald</b>	I tillegg til dei 6 nye el-syklar er det frå før 29 syklar for utlån, og 2 el-syklar for tilsette. Det er laga serviceavtale med Sport1 for alle syklane. Henting og bringing av syklar er med i avtalen. Det er berre Sport1 som har kompetanse til service på elektriske syklar (må ha fagbrev).	Kontrakt er laga (advokat) Gjeld vask, dekkskifte, sjekk av gir og reparasjon. Henting og bringing har ikkje fungert optimalt.  Avtale om pris på vinterdekk og montering har kome på plass.
<b>Bikefix</b>	4 Bikefix søyler er montert - Førdehuset, Hafstadparken, Kastanjetunet og ved Rådhuset. Desse er utstyrt med trykkluftpumpe og verktøy.	Tilsyn og vedlikehald fungerer ikkje. Det er ikkje vaktmeister som kan ta dette.  (Kastanjetunet har eige ansvar)
<b>Kommunale syklar for utlån</b>	Sykkelbyen har til saman 29 vanlege syklar for utlån. Det vart kjøpt inn 5 nye syklar haust. Dekkskifte på alle syklar til litt mindre storleik, og meir byvenleg. Det vert skifta mellom sommar- og vinterdekk på Sport1	Alle syklar er registrert med nummer i oversikt. Vanskeleg å adm på grunn av manglande vaktmeister/anna praktisk hjelp. Prosjektleiari får mykje springing att og fram i møtetida.
Syklar på arbeidsplassar Kommunale	Førde Kulturskule har 3 syklar og Førdehuset har 4. Desse er levert ut for å unngå bruk av bil i arbeidstida. Desse treng ikkje el-syklar.	Gode meldingar tilbake på desse ordningar Folk er flinke å bruke sykkel og dermed unngår vi nokre bilar i sentrum.

	<p>Psykiatrisk team og fysioterapien har ein elektrisk sykkel.</p> <p>Det er ikkje lenger el-sykkel på Rådhuset disponibelt til personellet. Dette er klaga på .</p>	<p>Det bør kjøpast el-sykkel til Rådhuset for tinging til bruk i sentrum fram for bil.</p>
Lånesyklar	<p>Det er 13 vanlege syklar ledige for offentleg utlån. Førde camping har 4 syklar ståande hos seg, og held sjølv vedlikehald.</p> <p>Scandic Hotell har 5 syklar, og Førde – Thon Hotell har 2.</p> <p>6 syklar vart levert Førdehuset under Førdefestivalen.</p> <p>Alle skular har fått melding om gratis lån av syklar.</p>	<p>Syklar som vert nytta i vinterhalvåret har montert vinterdekk</p> <p>Hotella har fått levert sykkelhjelmar for utlån.</p> <p>Lån har inntil no vore gratis men vil måtte betale med Vips no i 2020</p>
<b>Inspeksjon av sykkelveggar</b>	<p>Vart ikkje utført i 2019.</p> <p>Har kome inn meldingar i løpet av hausten frå publikum</p>	<p>Vert i samarbeidd med prosjektleiar i Førdepakken og Teknisk</p>
<b>Sykle til jobben – kampanje</b>	<p>Kampanje retta mot sykling til og frå jobb og skule. Andre typar aktivitet kan også registrerast – og dette har ikkje alle fått med seg.</p> <p>Fleire har forstått det slik at det berre er kommunalt tilsette som kan delta – men det er for alle.</p> <p>Veldig lågt deltakartal i 2018. Noko høgare i 2019 men då var Helse Førde med (inkl sjukehusa på Eid og i Lærdal) Dette er drøfta med Norges bedrifts-idrett som er arrangjør. Det er ikkje gjort avtale om framdrift for 2020</p>	<p>Kostnad er 35 000,- for året</p> <p>For stor kostnad for lite aktivitet.</p> <p>Pengane kan nyttast på betre måte, t.d. den Europeiske Mobilitetsveke i september kvart år.</p> <p>Flesteparten av dei påmelde har vore dei som elles syklar i kvardagen. Også noko forvirrende å kunne melde fjelltur, hagearbeid, hundelufting med mykje meir.</p>
<b>Gåstrategi</b>	<p>Som for sykkelstrategien må det holdningsendring til for å få auka i gangaktivitet. Det er teke kontakt med Regional koordinator for gange og gangtrafikk i Statens vegvesen, Samfunns- og trafikksikkerhetsseksjonen i Stavanger</p>	<p>Skal kontakte Ellen Johnsen Haaberg på nyåret 2020</p>
Turstiar i nærmiljøet	<p>Private initiativtakarar har teke kontakt med forslag om ulike utbetringar, tilrettelegging og merking av turstiar i nærmiljøet.</p> <p>Sentrum og Vie har fått sine «dagsturar» i nærmiljøet, med Bystien og dagsturhytte på Viefjellet. Folk frå Hornnesområdet ynskjer utbetring av sin tursti i nærområdet (Eventyrstien)</p>	<p>Eventyrstien fekk tilskot over midlar frå fond Folkehelse midlar</p> <p>Då har alle 3 tettstadsområde i sentrum sine turområde i nærmiljøet.</p>



Turstiar og bruk av terrengsykkel	<p>Dette har vore meldt inn frå publikum.</p> <p>Har ikkje vore vurdert eller jobba med i 2019</p>	<p>Dette vert tema igjen i 2020</p> <p>Er stor interesse for dette tema.</p> <p>Sykling skal ikkje berre vere for dei som skal på jobb. Flesteparten i Sunnfjord kommune kan ikkje sykle til jobb på grunn av pendlaravstand.</p>
<b>Sykle frå fjord til fjell</b>	<p>Dett er eit bra tiltak som aktivitetstiltak og for turismen, men er vurdert til å ikkje ligge inn under Sykkelbyen Førde sitt arbeid.</p>	<p>Sunnfjord utvikling og næringslivet må vere pådrivar her, men Sykkelbyen Førde bør også vere synleg i dette arbeidet.</p>
Sykle frå Vassenden til Førde	<p>Denne vert del av «sykle frå bre til fjord». Mykje er klart, men problem med grunneigar på grensa mellom Vassenden og Førde (gardsbruk). Kusslia - Moskog er under arbeid.</p>	<p>Denne vil kome igjen på dagsorden i åra som kjem. Om denne vegen kjem i stand, så er det faktisk mogleg å sykle til jobben frå Vassenden, noko som kan spare bilbruk til sentrum.</p>
<b>Kommunikasjonplan Førde/Florø</b>	<p>Kommunikasjonsplanen Førde og Florø har vore oppe til ny drøfting i felles møte i prosjektgruppene Florø og Førde hausten 2018. Planen vert jobba vidare med i 2019, og nytt møte vart avtalt til i januar 2020.</p>	<p>Både Sykkelbyen Florø og Sykkelbynettverket Region Vest (Stavanger) kom ikkje i gong i 2019. Må startast opp igjen i 2020 mellom prosjektleiar i Førde og nye i Florø.</p>
<b>Folkehelse</b>	<p>Sykkelbyen Førde er lagt inn i Tiltaksplanen for folkehelsearbeidet i 2019. Lagt fram på einingsmøte 26. november 2018.</p>	<p>Ikkje noko klar til nye Sunnfjord kommune. Må inn i Folkehelseprogrammet 2020-2027 i Sunnfjord kommune</p>
Kampanjar	<p>Det har ikkje vore sykkelkampanje i 2019. Men brosjyre og sykklar var med på Vidaregåande skular sitt arrangement Grill`n Chill ved skulestart i august 2019</p>	
Informasjon	<p>Brosjyre er sendt ut på alle skular, Høgskulen, Helse Førde og interne einingar med informasjon om lånesyklar.</p>	<p>Betre og meir info på heimesida til nye Sunnfjord kommune</p>
<b>Kopling til trafikktryggleiksplan Førde kommune</b>	<p>Dette arbeidet har ikkje kome i stand.</p> <p>Gjeldande trafikktryggleiksplan gjeld 2013 – 2016</p> <p>Må prioriterast i 2020. <i>Obs prioriterte og uprioriterte innspel i planperioden 2013-2016. Ikkje med i nye planperiode ?</i></p>	<p>På dagsorden i 2020</p>
<b>Samarbeid med andre</b>  <b>Aktiv i nærmiljøet</b>	<p>Det har vore to møte med Sunnfjord Næringsutvikling. Indre Sunnfjord Turlag er med i tilrettelegging av turstiar i nærmiljøet. Private og frivillige initiativtakarar, Frisklivssentralen og Frivilligsentralen Førde.</p>	<p>Det er stor interesse for gåing i nærmiljøet, og sykling i terreng.</p>

<b>Høgskulen Vestland</b>	Deltaking frå Høgskulen Vestland i alle prosjekt - gruppemøte. Dette har vore svært gjevande for både faglege innspel, forskingsarbeid og studentoppgåver	Er kontakt for Sykkelenbyen Førde til ressurspersonar i Sykkelenbyar m.a. i Danmark, Nederland og England.
<b>Nettverk Region Vest</b>	Har ikkje vore møte i 2019	Etterlyst for 2020 men har ikkje fått svar Sykkelenbyen Førde ynskjer å vere vertskommune i 2021 for denne samling.
<b>Syklitenes landsforening</b>	Det næraste lokallag er Bergen og omegn lokallag.	Ta kontakt i 2020

## Sykkelteljing 2019



Trafikkta\_Sykkelen\_Førde.pdf



Trafikkta\_Sykkelen\_Florø.pdf

